

**Spørsmål fra Arne Bergsvåg om norsk kraft / ACER,
Fylkesutvalget 30. januar 2018**

I Rogaland er den kraftforedlende prosessindustrien nøkkelindustri. Hydro på Karmøy og Eramet i Sauda er viktige bedrifter både for lokalsamfunn og fylke.

Det blir nå bygd eksportkabel til Tyskland frå Sørlandet. I tillegg har Statnett konsesjon på ein ny kabel til Skottland. Dersom begge disse blir bygd kan nesten halvparten av all norsk kraftproduksjon eksporterast. Krafta blir seld etter frimerkeprinsippet og vil gå dit prisen er høgst. I Norge er straumprisen vesentleg lågare enn i Storbritannia.

Det er all mogleg grunn til å frykta at Norge vil importere ein europeisk straumpris og dermed gi frå oss vår viktigaste konkurransefordel.

I denne situasjon fremjast det nå forslag om at Norge skal avstå suverenitet til EUs energibyrå ACER. ACER har som formål å lage eit felles europeisk nett for både gass og straum, der nasjonale hensyn ikkje skal tas. Mens dagens samarbeid er rådgivande, skal ACER fatta bindande fleirtalsvedtak. Konkret blir det foreslått at ACER skal bestemma reglane for når straumen skal flyttast den eine eller andre vegen gjennom eksportkablane. Dei vil også bestemme kven som skal betala ved ueinigheit og det er uklart om Norge kan stansa eksportkablane ut frå nasjonale hensyn.

Norge avgir regulatorisk myndigheit og styring som i dag ligger hos NVE og Statnett.

Er Fylkesordføraren av den oppfatning at norsk kraft skal brukas til å utvikle landet?

Og isåfall vil Fylkesordføraren be regjering og Storting reservera Norge mot å avgi suverenitet til ACER?

Arne Bergsvåg Sp